

Folkemakt – ikkje pengemakt

Sosialistisk Venstreparti i Klepp går til val på miljø, betre fordeling og solidaritet. SV vil vidareutvikla det beste med det norske samfunnet: små forskjellar, sterke fagorganisasjonar og eit godt utdannings- og velferdstilbod. SV vil ha meir folkemakt og mindre pengemakt. Vi baserer politikken vår på fellesskapet og felles løysingar. Vi vil arbeide for eit rettferdig og bærekraftig samfunn der alle skal ha like muligheter uavhengig av kjønn, etnisk opphav, livssyn, seksuell orientering og økonomi. Gjennom dette programmet vil vi vise korleis vi vil skape ein betre kommune å bu i.

Miljø

Klepp SV vil vere ein offensiv pådrivar for eit betre miljø. Vi støtter tiltak som kan redusere klimagassutslepp og anna forureining og vil prioritere verksemd som tar vare på miljøet.

Klepp SV vil at fleire skal gå, sykle eller reise kollektivt til daglege gjeremål. For SV er løysninga å arbeide for å skape eit betre transportalternativ til privatbilen. Klepp SV vil arbeide for å få bygdesyklar mellom stasjonane i kommunen og tettstadene og mellom tettstadene. Dobbeltspor mellom Sandnes og Egersund vil minske klimautslepp og vil gje avgangar kvar 15. minutt mellom stasjonane i Klepp og Stavanger i rushtida. Klepp SV er derfor positive til dobbeltsporet, men vil arbeide for ei planløysing som forbrukar minst mogleg produktiv jord.

Klepp kommune treng trygge gangveggar, helst med eigne sykkeltrasear, og eit godt utbygd og rimelig kollektivtilbod. Budsjettet for drift og vedlikehald av gangveggar, sykkelveggar, buss og tog må aukast kraftig.

Klepp SV støttar ikkje bompengeprojekt der hovudmålet er å finansiere kostbare vegutbyggingar som legg til rette for auka biltrafikk, men bompengefinansiering kan vera aktuelt der hovudmålet er å betre trafikktryggleiken, styrke kollektivtilbodet og leggje til rette for mjuke trafikantar.

Klepp SV vil prioritere natur- og friområde. Kleppeloen, Frøylandsvatnet og Jærstrendene er særst viktige naturperler i kommunen. Å nytte og nyte Klepp sin særreine natur skal vere enkelt for alle. Kommunen må derfor gjere meir for å lette atkomsten til naturen for personar med fysiske utfordringar.

SV vil:

- gå i mot omregulering av friområde til utbygging
- stille strenge miljø- og kvalitetskrav til all utbygging og rehabilitering
- satse på alternative energikjelder til oppvarming
- ha som langsiktig mål å gjere buss og tog bortimot gratis
- innføre bonusordningar for kommunen sine tilsette som sykklar til jobb
- at bilane som kommunen eig eller leiger skal vere elbilar

Berekraftig utvikling

Varsam vekst gir ei meir berekraftig utvikling. Klepp veks for fort og ukontrollert. For mange pendlar for langt mellom bustad og jobb.

Næringslivet i kommunen må kome inn i eit meir miljøvenleg og berekraftig spor. Vi må over til eit lågutsleppsamfunn og vidare inn i nullutsleppsamfunnet.

SV vil:

- dempe utbyggingstakta av tettstadane i Klepp monaleg
- satse på å etablere arbeidsplassar i nærområda
- satse på alternative energikjelder
- vise solidaritet med land som er hardt pressa når det gjeld miljø ved å kjøpe inn produkt som er berekraftige
- ha ei langsiktig arealplanlegging som legg stor vekt på miljøvennlige løysingar. Folk skal bu tett, men godt
- verne strengt om matjorda

Oppvekst og kunnskap

Gjennom gode og trygge barnehagar og skular og eit barnvern som kan ta vare på barn i vanskelege situasjonar, legg vi grunnlag for eit godt samfunn.

Klepp SV vil arbeide for at ungdommen si stemme kjem fram ved å få etablert ungdomsråd i kommunen.

Vi vil førebyggje og kjempe mot barnefattigdom. Fattige foreldre har fattige barn, og det er ikkje rett. Fattigdomen pregar alle område av livet til eit barn. Den fører til isolasjon og utstøying. Aktivitetar som er vanleg for barn og unge å delta i, kostar pengar i form av kontingentar og utstyr. Som det er i dag, har foreldra si lommebok alt for mykje å seie for korleis barna trivst.

Fattigdom blant barn i Klepp kan motverkast på fleire måtar:

SV vil:

- redusere eigenbetaling til kulturskule og idrettsaktivitetar
- at alle aktivitetar i skulen sin regi skal vere gratis
- at fritidsarenaer skal vere trygge og inkluderande for alle, uavhengig av foreldreøkonomien
- at helsesøstertenesta skal styrkast for å sikre ei positiv utvikling alt i småbarnsalderen
- at ein ikkje reknar barnetrygd som inntekt for dei som mottek sosial støtte

Barnehage

Barnehagen er ein viktig arena for sosialisering, språkutvikling, leik og læring. SV vil gje gratis kjernetid til alle minoritetsspråklege barn i Klepp. Forsøk har vist at gratis kjernetid gir betre resultat i skulen seinare og er dermed ei lønsam investering.

Den storstilte barnehageutbygginga dei siste åra har sikra alle barn plass i barnehage. Framover er det viktig å fortsette styrkinga av det pedagogiske innhaldet. SV ønskjer fleire pedagogar, og kjøkken- og kontorstillingar som avlastar pedagogane, slik at dei får brukt mest muleg tid saman med barna.

SV vil at barnehagar primært skal drivast av kommunen. Vi går imot profittdrivne barnehagar, der delar av det offentlege tilskottet og foreldrebetalinga hamner i lommene til eigarane. Barnehagen skal vere ein viktig arena for å sikre integrering og språkleg og kulturell kompetanse og mangfald.

SV vil:

- gje gratis kjernetid i barnehagen etter Oslo-modellen
- auke talet på vaksne per barn i alle barnehagar
- sikre rekruttering av førskulelærarar m.a. gjennom stipendordningar og andre goder.
- auke rammene for bruk av tospråklege assistentar
- styrke dei tilsette sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning
- styrke tilbodet til barn med spesielle behov

Skule

SV sitt mål for skulen er å sikre alle elevar like rettar og uendelege muligheter. Det er viktig at alle ungar opplever meistring. Vi treng ein skule med nok ressursar, nok lærarar og kunnskap, framfor konkurranse og kutt.

Klepp SV vil støtte opp om samarbeidet mellom jærkommunane på skuleområdet gjennom nettverket Jærskulen. Jærskulen vil kunne samordne mykje av arbeidet med skuleutvikling og faglig oppfølging av skulane.

SV er opptatt av at skulen skal ha plass til alle. Gjennom auka lærartettleik, og meir spesialundervisning, sikrar vi ein god skuledag i tilgjengelege og miljøvenlege skulebygg, med rom for meistring, motivasjon og kunnskap.

SV vil at alle skular på sikt skal ha kantine med gratis frukt og sunn mat. Skular som har hatt tilbod om gratis frukt og grønt har vist svært gode resultat. Elevane som fekk gratis frukt fekk sunnare matvanar og blei i mindre grad overvektige. Mest alle land i Europa har slike ordningar.

Klepp SV vil arbeide for leksefri skule i kommunen. Dette vil motverke aukande sosiale skilje som i dag er aukande i samfunnet. Det at alle barn får hjelp og tilsyn i leksearbeidsperioden, gjer at alle får like sjansar i skulen på dette området. Det gjer også den totale skuledagen mindre stressande for elevane og gir fleire mulighet til å delta i fritidsaktivitetar.

Klepp SV går inn for å etablere ei støtte-/frikjøpsordning for idrettsorganisasjonar som kan tilby trenings-/aktivitetstilbod for dei yngste elevane like etter skuletid.

Satsing på ein god skule er eit rett grep for ei betre framtid. Kommunen må gje lærarane tillit og rom til å gjere jobben.

SV vil:

- intensivere arbeidet mot all form for mobbing og trakassering i skulen
- bruke fleire ressursar på å auke vaksentettleiken per elev
- at språkopplæringa av minoritetsspråklege barn skal styrkast
- at helsesøstertenesta i skulane skal styrkast
- arbeide for at lærarane i grunnskulen får meir vidareutdanning
- at kommunens pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) blir styrka
- gje meir alternativ undervisning, med kombinasjon av praktiske og teoretiske fag
- ha kantine med lunsj og gratis frukt og grønt
- leksefri skule for å motverke dei aukande sosiale skiljande vi ser i samfunnet
- at alle nye skulebygg skal vere lågutsleppsbygg
- ha trygge skuleveggar
- støtte opp om det tverrfaglege skulesamarbeidet Jærskulen
- at alle barn i Klepp skal få leirskule

Skulefritidsordning (SFO)

Klepp SV ønskjer primært ein heildagsskule med integrert gratis SFO og vil arbeide for at dette blir utprøvd i Klepp-skulen. SV er opptatt av leksehjelp, og også innafor nåverande skule-/SFO-organisering må dei som treng hjelp til leksene få dette i SFO. SV ønskjer at det først og fremst skal vere det pedagogiske personalet som skal vere leksehjelparar. SV vil styrke tidleg innsats i skulen.

SV vil:

- sikre at fleire tospråklege barn deltar i SFO
- ha standardkrav til innhald og kvalitet
- styrke samarbeidet mellom SFO og kulturskulen
- opprette gratis eller rimeleg ferieklubb om sommaren for barn i grunnskolealder
- arbeide for redusert foreldrebetaling i SFO
- at barn med store funksjonshemmingar får eit utvida SFO-tilbod utover dei fire første åra

Bustad

Klepp SV går til val på å dempe utbyggingstakta i Klepp og for å få ein sosial bustadspolitikk.

Nokon trur at dei høge bustadprisane i Klepp skuldast at dei i kommunen ikkje blir bygd nok bustadar fort nok. Vi meiner dette i liten grad er tilfellet. Klepp er bare ein liten del av ein stor bustads- og arbeidsmarknad som går frå Stavanger til Hå. Løysinga på bustadmangelen finst i distriktet. Sandnes Øst t.d. har mykje plass på lågproduktiv jord. Klepp SV, som Rogaland og Sandnes SV, går inn for ei storstilt utbygging i Sandnes Øst. Dette vil lette presset i marknaden meir enn ei rask utbygging i Klepp.

Norge og Klepp manglar ein sosial bustadpolitikk. Marknaden rår. Dette er ein av grunnane til dei ekstremt høge bustadprisane. Dette rammer særleg dei med dårleg råd og dei i etableringsfasen.

SV vil at Klepp skal kome på banen, mellom anna ved å selje tomter til kostpris til unge, einslege og vanskelegstilte med tilknytning til Klepp. Det er også viktig at Klepp eig ein del bustadar som kan leigast ut til dei som ikkje kan kjøpe seg ein stad å bu.

Mange flyktningar som sit i mottak treng å bli busett i kommunane. Klepp SV vil busetje fleire flyktningar. Dette er god integreringspolitikk, fordi flyktningane då kan kome i gang med utdanning og arbeid.

SV vil:

- verne matjord i arealplanar
- bygge utleigebustader for dei som ikkje kan kjøpe seg husvære
- auke talet på kommunale bustader gjennom nybygg og oppkjøp
- arbeide for å skaffe gode bustader for menneske med låg inntekt
- gjere det mogleg for vanskelegstilte og dei i etableringsfasen med tilknytning til Klepp å få eigen stad å bu
- busetje fleire flyktningar i Klepp kommune

Omsorg, psykisk helse og rustilbod

Brukarmedverknad skal vere eit bærande prinsipp i utviklinga av omsorgstenestene. Erfaringar og kunnskap frå brukarar og pårørande kan vere like viktig som den helsefaglege kunnskapen. Vi vil leggje til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som muleg.

SV ønskjer å gjennomføre ein tillitsreform i kommunen. Vi vil kjempe for meir tillit til fagfolk og mindre bruk av tidskrevjande byråkratiske kontrollrutinar som vitnar om mistillit til dei tilsette. Vi vil fjerne unødvendig rapportering og måling, og gje tilsette større tillit og meir rom for å gjere ein god jobb.

Menneske med psykiske lidningar må få betre oppfølging når dei blir utskrivne frå behandling i spesialisttenesta. Alle med rusproblem må få eit raskt tilbod om avrusing, behandling, oppfølging og rehabilitering. Samhandlinga mellom ulike tenesteområde må styrkast. Menneske med rusproblem må få ein tett og individuelt tilpassa oppfølging. SV meiner at tilbodet også må innehalde satsing på medikamentfrie tilbod, legemiddelassistert rehabilitering og tilrettelagt bustad. Særleg det siste er kommunen sitt ansvar.

SV vil ta opp situasjonen for flyktingar, asylsøkarar og innvandrarar i alle samanhengar der det er mogleg. SV vil jobba for god integrering og ein meir menneskeleg flyktnings- og asylopolitikk.

SV vil:

- få slutt på stoppeklokke-mentalitet i omsorgssektoren, gje meir tillit
- få slutt på kortsiktig økonomisk tenking som styrande prinsipp
- auke grunnbemanninga i omsorgssektoren
- sørgje for at det finst dagsenter og andre treffstader for eldre i lokalmiljøet
- ha meir kvalifisert arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren
- sikre at bebuaranes ulike kulturbakgrunn blir ivaretatt i institusjonen
- arbeide for ein god personal- og seniorpolitikk for dei tilsette i Klepp kommune
- arbeide for god integrering av innvandrarar i kommunen

Kultur og Idrett

SV vil styrka den internasjonale solidariteten. Vi trur at vi alle lærer og forstår meir gjennom samarbeid med andre. Internasjonalt samarbeid kan skjer gjennom gjensidige vennskaps- og samarbeidsavtalar med kommunar i andre delar av verda.

Kunst og kultur gjer samfunnet rikare på opplevingar og gjer at vi kan utvikle våre skapande evner. Kunst og kultur har ein udiskutabel eigenverdi, men også store positive ringverknader.

Klepp kommune må framleis vera ein nynorskkommune.

SV er særleg opptatt av barn og unge sin rett til å oppleve og utøve kultur. Målet vårt er at alle barn som ønskjer det, skal få plass i Klepp kulturskule, og at kulturskulen skal være mangfaldig, rimelig og halde høgt fagleg nivå. SV vil styrke samarbeidet mellom skulen, kulturskulen og andre kulturaktørar.

Klepp treng allaktivitetshus, der ein kan samle aktivitetar som vi allereie har i dag, samt utvikle eit godt tilbod som famnar alle alders - og folkegrupper i kommunen. Dette må fyllast med aktivitet og kreativitet. Klepp SV vil prioritere dette framfor nytt rådhus og ny kyrkje, alternativt i ei løysing der alle desse tre behova kan sameinast.

Alle barn og unge i Klepp kommune bør ha muligheit til skapande arbeid og aktivitet i sitt nærmiljø. Her må kommunen, frivillige organisasjonar og idrettslag samarbeide.

Klepp SV vil verne om kulturarven vår, som fortidsminne, jærhusa og arkitektoniske perler.

Krav om universell utforming må leggje til rette for at alle kan få tilgang til kulturminne, jærstrendene og andre friluftsområde i kommunen.

Idretten er helsebringande og ein viktig sosial arena for både vaksne og barn. Det er viktig at ingen blir utelukka frå å delta på grunn av kontingenten. Ei ordning med refusjon av kontingenten for vanskelegstilte er nødvendig.

Klepp SV meiner at kommunen må etablere ei økonomisk støtte-/frikjøpsordning for dei idrettslaga som ønskjer å starte opp aktivitetar/trening for dei yngste aldersgruppene like etter skuletid.

Klepp veks fort, og alt nå er det nødvendig med ein ny symjehall og ein ny idrettshall på Klepp. Om nokre år vil Klepp trenge ein ny idrettsplass.

SV vil:

- ha lågare prisar i Kulturskulen
- vil skape allaktivitetshus for alle alders - og folkegrupper i kommunen
- vidareføre ordninga Den kulturelle spaserstokken, med kommunale pengar om nødvendig
- etablerte ei økonomisk støtteordning for idrettslag som driv aktivitet/trening for dei yngste like etter skuletid
- verne om arkitekturperlene i kommunen
- verne om kulturminne og sørgje for at dei er godt skilta og tilgjengelige for alle

Arbeidsliv

Det er fullt mulig å for ein kommune å vere ein god arbeidsgjevar. Det handlar bare om politiske val. SV ønskjer ein politikk der Klepp kommune utfører flest mulig av tenestene i eigen regi, stundom i godt samarbeid med frivillige. Vi vil ha mindre bruk av innleidde

vikarar. Vi vil få ned sjukefråvær først og fremst ved å arbeide for å forbetre arbeidsdagen til den enkelte. Ved å utføre tenestene i eigen regi, vil vi unngå at stadig meir av ressursane går med til anbudsarbeid og kontrolloppgåver. Den beste velferd vert skapt av trygge og kompetente tilsette som har ein god arbeidskvardag. Klepp kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar gode velferdstenester.

SV vil at dei tilsette skal bli vist tillit. Vi vil at kvalifiserte og kompetente tilsette skal få utføra jobben sin utan overdriven kontroll, skjemavelde og rapporteringskrav. Samtidig vil vi sikra gode arbeidsforhold gjennom rett til heile faste stillingar og auka grunnbemanning.

SV vil sjå på mulighet for ei prøveordning med 6-timers dag. Dette har vist seg å vere svært vellykka der det har blitt forsøkt. Produktiviteten har auka med 20%. (Kjelde: "Der 6 timersdagen lever" Tine meieriet i Heimdal.)

Svart arbeid og sosial dumping er skadeleg for samfunnet. Bedrifter som jukser kan vinne kontraktar og utkonkurrere dei gode bedriftene. Då taper vi alle. Klepp må gå i spissen ved å få dokumentert at alle som utfører tenester for kommunen gjer det på rett vis.

SV vil:

- arbeide for fleire lærlingplassar i Klepp
- at heiltidsstilling skal vere ein rett, deltid skal vere noko den einskilde ønskjer.
- arbeide for forsøk med sekstimers arbeidsdag med full lønskompensasjon
- redusere bruken av midlertidige stillingar og vikarar til eit minimum gjennom auka grunnbemanning.
- samarbeide med fagbevegelsen om tiltak for å auka kompetansen og bidra til etterutdanning av kommunalt tilsette.
- at Klepp kommune skal vere ein framifrå arbeidsgjevar som har tillitt til sine tilsette
- aktivt motarbeide alle former for svart arbeid og sosial dumping

Næring

Vi må skape for å dele, men vi må også dele for å skape. Velferdsstaten er ein viktig grunn til at det går godt med norsk næringsliv. Den sørgjer for at vi har arbeidskraft med kompetanse, at fleire kan delta i yrkeslivet og at vi har eit tryggingnett som gjer at folk tør å satse. SV vil bidra til at fleire tør starte bedrifter gjennom dei gode sosiale ordningane vi alt har – og som vi kan forsterke.

Klepp SV vil ha eit levedyktig landbruk. Bare 3% av norsk landjord er dyrka mark. Klepp er ein av dei viktigaste jordbrukskommunane i Noreg, og vi har eit stort ansvar. Bonden må oppleve gode og føreseielege rammer og vere trygg på eigen næring. Det må bli attraktivt å vere bonde. Vi treng trygge og gode råvarer frå det lokale landbruket. Det er viktig for komande generasjonar at vi forvaltar desse verdiane til beste for framtida.

Trygge og gode matvarer kan best sikrast gjennom god dyrevelferd og meir miljøvenleg landbruk. Klepp SV ønskjer fleire økologiske produsentar i Jær-landbruket.

SV vil støtte forskning og forsøk som kan bidra til grøn næringsutvikling. Det er avgjerande at vi skaper arbeidsplassar i Klepp i fornybare bransjar. Oljetida tar slutt ein dag og vi må begynne å omstille oss no. Klepp SV vil støtte opp om lokale initiativtakarar for eit grønare næringsliv. Klepp skal legge til rette for tomter for nye, framtidsretta bedrifter på ulike tettstader i kommunen.

SV vil:

- støtte overgangen til grønne arbeidsplassar
- arbeide for eit sterkt jordvern
- at landbruket må få gode og føreseielege vilkår
- leggje til rette for at næringslivet tar inn fleire lærlingar
- alltid ha ledige tomter for nye bedrifter
- arbeide for at næringslokalar i kommunen ikkje står tomme over lang tid

Kommunesamarbeid

Klepp SV respekterer den rådgivande folkerøystinga og kommunen sitt val av dei kommunegrensene vi har i dag. Vi støttar samarbeid mellom kommunar. Særleg ser vi det som viktig at Klepp og Time held fram den gode prosessen med å samarbeide på tvers av kommunegrensar, der dette gir innbyggjarane eit totalt sett betre tilbod. På sikt vil etablering av nye Jæren kommune kunne bli eit aktuelt tema.

Kommuneøkonomi

Ein utjamnande og miljømedviten politikk som Klepp SV legg opp til, vil krevje at kommunen må auke budsjettet. Innføring av eigedomsskatt er då nødvendig.

Klepp kommune har ein robust økonomi, men store låneopptak gir kommunen innskrenka økonomisk handlefridom. Dette kjem klart til syne i den årvisse budsjettdebatten, der mange gode tiltak ikkje når opp på prioriteringslistene. Klepp SV legg i dette programmet opp til ein utjamnande og miljømedviten politikk, med fleire konkrete forslag som inneber at budsjettet må aukast. Med dette som utgangspunkt går vi inn for at det vert innført eigedomsskatt i kommunen. Skattegrunnlag, skattesats og botnfrådrag må innrettast slik at vi så langt som råd oppnår ei utjamning av økonomiske forskjellar i kommunen.